

**Fra:** Hagen, Åsne (fmhoaha@fylkesmannen.no)

**Sendt:** 27.08.2015 15:53:28

**Til:** ase.pettersen@askoy.kommune.no; jorgen.gullestad@bergen.kommune.no; bjorn-hroar.sortland@bomlo.kommune.no; erik.sandvik@eidfjord.kommune.no; odd.inge.vestbo@etne.kommune.no; even.vaular@fedje.kommune.no; tone@fitjar.kommune.no; roy.hansen@fjell.kommune.no; gunnar.hatlelid@fusa.kommune.no; thomas.sjoflot@grанvin.kommune.no; ragnvald.joakimsen@jondal.kommune.no; laesur@kvam.kommune.no; grete.nesheim@kvinnherad.kommune.no; karl.johannes.romarheim@lindas.kommune.no; sigvald.kvinge@masfjorden.kommune.no; anne.berit.helle@nav.no; amo@os-ho.kommune.no; odd.ivar.ovregard@osteroy.kommune.no; tone.ramsli@samnanger.kommune.no; age.aadland@stord.kommune.no; jan.ove.anthun@stord.kommune.no; stig.arne.thune@sund.kommune.no; ase.aleheim@sveio.kommune.no; helge.drange@tysnes.kommune.no; stig.hope@ullensvang.herd.no; alis.lund.johansen@ulvik.kommune.no; stefan.karlstrom@voss.kommune.no; janhau@øygarden.kommune.no

**Kopi:** Askøy kommune; Bergen; Bømlo kommune; Eidfjord kommune; Etne kommune; Fedje kommune; Fitjar kommune; Fjell kommune; Fusa kommune; Granvin kommune; Jondal kommune; Kvam kommune; Kvinnherad kommune; Lindås kommune; Masfjorden kommune; Meland kommune; Odda; Os; Osterøy kommune; Samnanger kommune; Stord kommune; Sund kommune; Sveio kommune; Tysnes kommune; Ullensvang herad; Ulvik kommune; Vaksdal kommune; Voss kommune; Øygarden kommune; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** Forventingar til kommunane under Øving Hordaland 2015

**Vedlegg:** Vedlegg 5 Døme på tiltakskort i kommunane ved ei atomhending.docx

Til øvingskontaktar i kommunane

Kopi til postmottak

Fylkesmannen viser til tidlegare utsendt informasjon om Øving Hordaland 2015. Det er opp til kvar kommune å ta stilling til om, og eventuelt i kva grad, kommunen skal delta. I denne e-posten vil vi likevel forsøke å avklare kva forventingar og ønskje vi har til kommunane før, under og etter øvinga.

I **forkant** av øvinga har Fylkesmannen ei forventing om at kommunane oppdaterer og fullfører eige planverk knytt til atomberedskap, inkludert utarbeiding av tiltakskort, ressursoversyn og kontakt-/varslingsinformasjon til alle relevante aktørar/grupper.

**Sjølve øvingsdagen** ønskjer vi at kommunane så langt praktisk råd er testar planverket og faktisk utarbeidar dei meldingar og varsel som ein ville gjort i ein reell situasjon. Om mogeleg ser vi gjerne òg at ein fysisk testar varslingskanalane. Mot slutten av øvingsdagen vil Fylkesmannen be om å få tilsendt kopi (elektronisk) av meldingar og varsel den einskilde kommune har utarbeidd i løpet av dagen.

I **ettertid** forventar vi at deltagarane evaluerer øvinga for å avdekke moglege forbettingspunkt (lokalt – regionalt – sentralt). Samla evaluering vert gjort som del av den årlege haustsamlinga på Voss i november.

For å få godt utbyte av øvinga, oppmodar vi kommunen til å sikre at kommunal kriselening (KKL) med nokre støttefunksjonar er disponibele på øvingsdagen 27. oktober. Det same gjeld reservedatoen 5. november, som berre vert aktuell å bruke dersom primærdatoen må gå ut grunna kolliderande aktivitetar på Haakonsvern orlogsstasjon. Det vil truleg tidvis vere rom for å gjere ordinære oppgåver på øvingsdagen.

Rolla til kommunen v/KKL under øvinga vil vere å respondere og agere på dei meldingane dei får, og elles øve på interne rutinar. Fylkesmannen vil distribuere eit sett med døme på tenkte førespurnader kommunen kan få i hendinga, og som de sjølve kan spele ut i ønskeleg omfang. Meir informasjon om sjølve øvinga, og forarbeid i vekene før, kjem på samlinga for øvingskontaktar 7. oktober. Døme på tiltakskort i kommunane ved ei atomhending (sjå vedlegg) gir òg ein peikepinn på kva spørsmål kommunen bør ta stilling til.

Kommunar som har tatt i bruk DSB-CIM bør òg gjere dette i øvinga, men det er ikkje eit krav.

Me legg opp til ein sentral øvingsstab som alle kommunane kan nytte seg av. Samstundes oppmodar vi kommunen sjølv til å ha ein person, til dømes øvingskontakten, som kan spele inn lokale variantar over førespurnadar kommunen kan få. Desse kan lokal kontakt spele direkte inn til eiga KKL. Det er ikkje naudsynt å sende desse via/til Fylkesmannen i forkant. Dette er framfor alt meint for kommunens eiga læring.

Med vennleg helsing

Åsne Hagen  
rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
Telefon: 55 57 22 28  
[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)